



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 11.04.2019  
Vår ref.: 2019/2111-5  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## **Søknad om tilleggsregulering i Brakedalsvassdraget og Laukkjærtjørna - Bømlo kommune**

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som blir råka av tilleggsreguleringa av Laukkjærtjørna og Brakedalsvatnet. Det aktuelle tiltaks- og influensområdet blir vurdert til å ha lågt potensiale for funn av hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne.

Vi har vi ingen avgjerande merknader i saka utover å minne om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, bitar av flint/grønstein/rhyolitt, flekkar med trekol, bergkunst eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn. Meldeplikta gjeld også dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Sølve Sundbø  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*